



Moderat fôring gir livskraftige lam

Forfatter

Åshild Randby, NMBU

Ingjerd Dønnem, NMBU

Ole Arnfinn Røysland, NMBU

Sammendrag

Moderat fôring i tidleg drektigheit gir sterke morkaker, færre daudfødslar og livskraftige lam.

Publisert

2016

Referanse

Sau og Geit nr. 6, s 24-25

Utskriftsdato

18.01.2022 www.fag.nsg.no



*For hard fôring i tidleg drektigheit kan gi mindre livskraftige lam.
Foto: Odd Mehus, Norges Bondelag.*

Fôring av sau:

Moderat fôring gir livskraftige lam

Moderat fôring i tidleg drektigheit gir sterke morkaker, færre daudfôdslar og livskraftige lam.

Mange sauebônder opplever eit stadig aukande lammetal. I kjølvatnet av dette erfarer mange òg ein aukande del daudfôdde lam. Tal frå Sauekontrollen speglar denne tendensen. Statistikken viser at ei gjennomsnittleg søye fekk 2,1 lam i 2015. Det er 0,2 fleire lam enn i 2000. I 2000 fôdde kvar søye 0,06 daudfôdde lam medan talet i 2015 var 0,09. Omgjort til prosent var 3,3% lam daudfôdde i 2000 mot 4,5% i 2015. På toppen av desse kjem svakfôdde lam som ikkje overlever meir enn nokre

dagar. Både bevisst avl og korrekt fôring kan bidra til å auke delen livskraftige lam.

Både i 2007 og i 2010 vart det gjennomført større kartleggingsarbeid av daudfôdde lam i Noreg. I baa desse kartleggingane fann ein ingen synlege skadar eller dødsårsaker hjå nærare halvparten av lamma. Baa forsøka peika på store kull som ei medverkande årsak og baa forsøka spekulerte i dårleg morkakefunksjon som ein viktig del av forklaringa på desse daudfôdslane.

Fôring påverkar morkaka

Morkaka hjå sauen er samansett av mange små kontaktpunkt. I desse

kontaktpunkta vert det utveksla næringsstoff, oksygen og CO₂ mellom mordyret og fosteret. Talet og storleiken på desse kontaktpunkta vil variere mellom dyr. Dette kan påverke næringstilgangen til fosteret og i sin tur livskrafta til det nyfôdde lammet. Fleire forsøk har vist at fôringa av søya i fyrste del av drektigheita kan påverke utviklinga av morkaka.

Kraftig fôring i tidleg drektigheit gir fleire daudfôdslar

Uavhengige forsøk frå England og USA, med ti års mellomrom, viser at dersom ein fôrar drektige søyer kraftig (halvanna gong tilrådd fôrstyrke) dei fyrste to tredelane av drektigheita, vil dette

stimulere søya til å utvikle ei morkake med færre og mindre kontaktpunkt mellom mordyr og foster. Dette vil i sin tur kunne føre til at fostera ikkje får god nok tilgang på næring og oksygen mot slutten av drektighetstida når fostera er større og treng meir energi. Meir moderat føra dyr hadde derimot ei morkake med fleire kontaktpunkt mellom mordyr og foster. Kontaktpunkta var òg i gjennomsnitt større for denne gruppa. I nemnde forsøk vart ikkje livskrafta til lamma registrert, men dei kraftig føra søyene hadde fleire daufødselar og fleire kastingar enn dei moderat føra dyra. Dei moderat føra søyene viste òg ein jamnare fostervekst enn dei kraftig føra søyene der fosteret hadde ein dårlegare tilvekst i siste tredel av drektigheita.

Kartleggingsarbeida i Noreg viste at brorparten av dei daufødde lamma utan tydelege dødsårsaker (72%) kom frå kull med minst tre lam. Store kull setter høgare krav til ei velutvikla morkake for å sikre at alle lamma får god tilgang på oksygen og næring samt moglegheit til å kvitte seg med CO₂.

Sauen har endra seg

Gjennom avl og betre føring har den norske sauen endra seg dei siste 50 åra. Frå å ha ein sau som i 1960 fekk 1,17 lam med ei haustvekt på 37 kg og ei slaktevekt på 15 kg, får Norsk Kvit Sau (NKS) i dag 2,1 lam med ei haustvekt på 44 kg og ei slaktevekt på 20 kg. Noko som derimot ikkje har endra seg, er at lammet oppnår brorparten av tilveksten på beitegras. Dette tyder mellom anna på at vår moderne sau har ein større evne til å ta til seg energi. Då sauen har endra seg kan det vere naudsynt å justere føringa slik at denne vert tilpassa den moderne søya.

Praktisk føring

Som nemnt ovanfor vil føring for vedlikehald dei fyrste 2/3 av drektighetstida gje best mogleg morkakeutvikling. Dette gjer det naudsynt at søya er i passe hold alt ved paring. I sine tredjedel av drektigheita aukar fostrenes behov for næring kraftig, og spesielt for søyer med store kull må føringa vere god. Dette oppnår ein best ved å nytte tidleg hausta, godt konservert surfør i kombinasjon med noko kraftfôr. I denne siste perioden er det inga ulempe

med ei moderat holdauke. Ved å følgje med på holdet til utvalde søyer kan ein få ein indikasjon på om søyene vert føra så kraftig at dei legg på seg, om dei held seg i stabilt hold eller om dei tek av. Om ein førar med mykje surfør og lite kraftfôr, er det viktig å passe på at søyene får i seg nok vitamin og mineral frå andre kjelder. Både mangel på jod, selen, E-vitamin, kobolt, kalsium osv. vil kunne bidra til fleire daufødselar og svakfødde lam.

Tekst: Åshild Randby, Ingjerd Dønnem og Ole Arnfinn Røysland, NMBU

Kjelder:

Dragset K.I, Hektoen L., Opheim M., (2007). Causes of perinatal death in lambs in Oppdal og Rennebu, Norway. Acta Veterinaria Scandinavica, 49 (Suppl 1):S4.

Waage S., Holmøy I. (2013) Patofysiologiske forandringer hos dødfødte lam, Husdyrforsøksmøtet 2013

Wallace J.M., Bourke D.A., Da Silva P., Aitken R. (2001). Nutrient partitioning during adolescent pregnancy. Reproduction, 122, 347-357

Zhu, M.J., Du, M., Nijland, M.J., Nathanielsz, P.W., Hess, B.W., Moss, G.E., Ford, S.P., (2009) Down-Regulation of Growth Signaling Pathways Linked to a Reduced Cotyledonary Vasculature in Placentomes of Over-Nourished, Obese Pregnant Ewes. Placenta 30, 405-410



LAMMEGODT



SPRAYFO

Lammegodt 51%:
Vår utprøvde beste melkeerstatning for problemfri og optimal tilvekst

Basert på melkeråstoff
levert av TINE

Sprayfo fremmer en aktiv immunitet



- Svært god fordøyelighet.
- Meget lett oppløselig
- Lang holdbarhet
- Ikke fettavleiring
- Med Sloten sikkerhetspakke
- Reduserte diaretilfeller

**Bruk norsk
Bruk Sprayfo**

Gi de små en god start!

Sprayfo til lam og kje



Mikro fettpartikler
kapslet i protein



Nærmeste forhandler på www.husdyrsystemer.no